

Nærings- og fiskeridepartementet

## Innspel frå Vestland fylkeskommune til regjeringa sitt arbeid med ny havbruksstrategi

Vestland fylkeskommune viser til innspelsmøte den 15.02.2021 i samband med regjeringa sin komande havbruksstrategi og takkar for høve til å gje innspel. Det vart varsla frå Nærings- og fiskeridepartementet at skriftlege innspel måtte vera kome fram til departementet innan 03.03.2021.

Regjeringa har tidlegare varsla ambisiøse mål med tanke på potensialet i næringa. Vestland fylkeskommune støttar staten i dette arbeidet og sluttar oss til forutsetningane og målsetningane i strategien.

Arealtilgang er ein av dei store flaskehalsane for vekst framover. Næringa treng tilgang på areal for å vekse, samstundes som næringa må utnytte dei areala dei har på ein betre måte.

Det er forventningar om at kommunane i større grad enn tidlegare avklarar detaljerte kunnskapsforhold under planlegging av akvakulturområde. Dette er særskilt krevjande for kommunane. Fylkeskommunen ser det som viktig å få tydeleggjort skjæringspunktet mellom plan- og bygningslova og akvakulturlova.

Særskilt bør problemstillingar knytt til areal og kompetanseutvikling i kommunane til næringsføremål i sjø bli prioritert, saman med tiltak som bidreg til at Vestland fylke kjem over i grøn sone innan trafikkjølssystemet.

Tilstrekkeleg kartlegging og screening av havbotnen, og vitskapeleg grunnlag for lusefare, er viktig for å finne dei gode areala. Vi er klar over satsinga på kartlegging av økosystema i sjø medrekna arbeidet med marine grunnkart, men ber om effektivisering av dette arbeidet og at det får ein sentral plass i strategien.

Vestland fylkeskommune vil støtte opp om ei berekraftig vekst av sjømatnæringa der målet er auka matproduksjon og arbeidsplassar langs kysten. Strategien bør legge til rette for målet om full utnytting av avfallsressursane, null rømming, reduksjon i lakselus og auka bruk av berekraftig fôr.

Strategien må ta for seg korleis havbruksnæringa kan bidra til å redusere klimagassutslepp, minimere negative miljøkonsekvensar og betre fiskevelferden.

Norge sitt komparative fortrinn innan oppdrett av laks og regnbogeaure er unik. Dette er vår langstrakte kyst- og havområde, Golfstraumen og den nordatlantiske laksestammen. Havbruksstrategien må fokusere på ei miljøvenleg produksjonsvekst ved bruk av teknologiske løysingar som fokuserer på norsk verdiskaping og norske komparative fortrinn.

Havbruk til havs bør takast med i havbruksstrategien. Vestland fylkeskommune forventar at regjeringa kjem tilbake med ein grundig prosess for korleis havbruk til havs skal organiserast og at det blir tatt omsyn til dei regionale interessene.

Fylkeskommune vil peike på behov for oppdatert regelverk, rettleiarar og søknadsdatabasar i tilknytning til tildelingsregelverket som fylkeskommunen har myndigheit etter.

Manglande og utdatert regelverk i tildelingsfasen bremser utviklinga av næringa i distrikta og er utfordrande å handtere for næringa og forvaltninga i fylket.

Eit anna område som bør prioriterast er å utarbeide klarare reglar tilknytt landbaserte anlegg og andre artar enn laks og aure.

Fylkeskommunen har rolle som samfunnsutviklar i fylket. Suksess med havbruksstrategien er avhengig av at vi klarere å løyse ut så mange arbeidsplassar som muleg, tilpassa ei høgt utdanna befolkning. Dette vil gjelde for heile verdikjeda.

Det er framleis store udekkka kunnskapsbehov i havbruksnæringa. For å nå ambisiøse mål bør behovet for forskning synleggjerast.

Med helsing

Jon Askeland  
Fylkesordførar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*